



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>30.01.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:00 – 15:15</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Arve Mjømen, Per Rune Vereide, Kari Maria Rutle  
Fjærestad, Turid Vassliås Borgund**

**Forfall til møtet:**

**Kåre Jarl Langeland**

**Varamedlemer til stades:**

**Jon Ove Lomheim**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen - sak 9/14, pkt. 3**

**Assisterande fylkesrådmann Bjørn Birger Bremer –  
sak 1/14 og Sak 9/14, pkt. 1**

**Svein Hågård – sak 1/14 og sak 9/14, pkt. 1**

**Endre Høgalmen – sak 1/14**

**Kristin Arnestad – sak 1/14**

**Ingvar Linde, SF revisjon IKS – sak 1/14; sak 4/14;  
sak 9/14, pkt. 1,2 og 4**

**Marianne Vara, SF revisjon – sak 1/14 – sak 4/14 og  
sak 9/14, pkt. 1,2,4, 5 og 7**

**Birte Bjørkelo, Deloitte AS – sak 1/14; sak 2/14; sak  
4/14 og sak 9/14, pkt. 1,2 og 4**

**Stine Olsen, Deloitte AS – sak 1/14 - sak 4/14 og  
sak 9/14, pkt. 1,2,4,5 og 7**

**Øyvind Berge, Deloitte AS - sak 1/14 - sak 4/14 og  
sak 9/14, pkt. 1,2,4,5 og 7**

**Sekretariat for møtet:**

**Einar Ulla**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte.

Møtebok frå 26.11.2013 vart godkjend utan merknader.

I framkant av kontrollutvalsmøtet vart det gjennomført eit informasjonsmøte der fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand og assisterande fylkesrådmann Bjørn Birger Bremer orienterte om beredskapen i Sogn og Fjordane, spesielt med tanke på kva ansvar og organisering fylkeskommunen har innanfor tryggleik og beredskap.

**SAK 1/14      Forvaltningsrevisjon 2011 - Næringsretta tiltak -  
oppfølging 300114**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 15.12.2013 frå fylkesrådmannen til vitande.
2. Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjonsprosjektet som ferdigstilt

-----  
**SAK 2/14      Forvaltningsrevisjon - Samhandling - prosjektplan**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek prosjektplanen frå Deloitte datert 21.1.2014 til etterretning
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon utgangen av juni 2014

-----  
**SAK 3/14      Oppfølging av eigarskapskontroll av Lutelandet Utvikling  
AS**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek oppfølginga frå Lutelandet utvikling til vitande
2. Kontrollutvalet ser på eigarskapskontrollen som avslutta.

-----  
**SAK 4/14      Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2014**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2014 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 561 500 vert godkjent og sendt til SF revisjon IKS

-----

**SAK 5/14      Kontrollutvalet - Budsjett 2014 - Disponering av ramma**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettamma 2014 til vitande.

-----

**SAK 6/14      Vikarordning ved langtidsfråver i sekretariatet**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Ved midlertidig langtidsfråver av kontrollsjefen vil kontrollutvalet kjøpe tenesta i marknaden i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar.
2. Ved permanent fråver av kontrollsjefen vil kontrollutvalet sørge for å få stillinga lyst ut.

-----

**SAK 7/14      Årsplan for kontrollutvalet 2014**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2014 til vitande.

Endringsframlegg frå Per Rune Vereide:

Nytt pkt. 2: Kontrollsjefen får fullmakt til å endre årsplanen som følgje av at møte i fylkestinget 10. april går ut.

**Avrøysting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2014 til vitande.
2. Kontrollsjefen får fullmakt til å endre årsplanen som følgje av at møte i fylkestinget 10. april går ut.

---

**SAK 8/14      Oppfølgingsliste 1/2014**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Oppfølgingsliste 1/2014 vert teken til vitande

---

**SAK 9/14      Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet  
30.1.2014 - oppdatert**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:**

1. Orientering om status internkontroll v/Assisterande fylkesrådmann

*Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga av internkontroll punkt for punkt i høve til tilrådingane frå rapporten etter forvaltningsrevisjonsprosjektet som fylkestinget handsama i FT-sak 01/10. Det vart i tillegg orientert om to område, innkjøp og personalforvaltning, som var risikovurdert i 2013. Det vart avdekkja utslag og det er sett i gang tiltak. Det vart oppretta ei prosjektgruppe i 2013 med internkontroll som ansvarsområde. Prosjektgruppa sitt framlegg til vidare arbeid med internkontroll skal handsamast av leiargruppa i februar 2014.*

2. Orientering om ny heimeside for fylkeskommunen v/Informasjonssjefen

*Informasjonssjefen orienterte utvalet om arbeidet med ny heimeside for fylkeskommunen. Viktig å få på plass ei heimeside som er retta mot definerte målgrupper, og som er lagt opp slik at det vert lett å få tak i relevant informasjon. Informasjonen vart teken til vitande*

3. Orientering om kostnadsauken (KOSTRA) som NRK Sogn og Fjordane hadde oppslag om 16.12.2013 v/Fylkesrådmannen

*Fylkesrådmannen orienterte om situasjonen rundt kostnadsauken som hadde kome fram i KOSTRA, og som NRK Sogn og Fjordane hadde teke fatt i. Fylkesrådmannen meinte at det mellom anna i samband med nytt rekneskapsystem hadde blitt lagt inn feil i KOSTRA, slik at administrasjonskostnadane hadde vorte for høge. Feilane som er gjort ved innlegging av 2012-*

*rekneskapen skal vere avdekket. Det er gjort endringar i høve til kva som vert lagt inn i KOSTRA for 2013-rekneskapen, slik at tala for 2013 skal verte rett innlagde.*

4. Orientering om status finansiell revisjon v/SF Revisjon IKS

*SF revisjon IKS kom varsla i si orientering at interimrevisjonen, som har frist 1.2.2014 er litt forseinka på grunn av sjukdom. Årsoppgjersrevisjonen har ein frist på 15.4, og dette er avhengig av at rekneskapen vert avgitt til rett tid, som er 15.2.*

*SF revisjon og kontrollsjefen orienterte om status for problematikken for momskompensasjonsmidlane på kr. 14 919 373, som Skatteetaten varsla etterrekning av i brev datert 22.11.2013. Skatt Vest har i brev datert 22.1.2014 vedteke å etterrekne avgift for midlane. Fylkeskommunen vil gjennomføre ei vurdering på kva som skal skje vidare i saka. Kontrollutvalet skal bli haldne orienterte om vidare framdrift i saka.*

5. Orientering om status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS

a. Tryggleik og beredskap

*Prosjektet er no til verifisering hjå fylkeskommunen. Rapporten vil bli sendt til høyring i løpet av kort tid, og Deloitte sa i si orientering at rapporten skal vere ferdig innan utgangen av februar.*

6. Godtgjersle til folkevalde – endring frå 01.01.2014

*Skrivet er teke til orientering.*

7. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll – Risikokartleggingsprosess v/Deloitte AS

*Deloitte gjennomførte risikospel i kontrollutvalet for å få på plass vurderingar frå utvalsmedlemmane og prioritering av prosjekt i den rullerte planen for forvaltningsrevisjon og den rullerte planen for selskapskontroll. Deloitte vil ha kontakt med kontrollsjefen med tanke på ferdigdato, slik at utvalet kan få planane til handsaming i neste møte.*

8. Orientering frå utvalsleiar og kontrollsjef

*Kontrollsjefen orienterte om forebels rekneskap 2013 for kontrollutvalet, som viser at forbruket er innanfor tildelte rammer. Det vart også informert om oppslag i Firda datert 9.12.2013 om vasslekasjer som har vore i Trivselsbogen. Orienteringane vart teken til vitande.*

-----